



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 17.12.2015
Vår ref.: 2015/12315
Arkivnr.: 461.2

Hå kommune
Postboks 24
4368 Varhaug

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

IVAR renseanlegg Nærbø, Hå kommune - Søknad om løyve etter forureiningslova om auka utslepp av avlaupsvatn

Fylkesmannen ber om opplysningar om spesielle lokale forhold m.v. som det bør takast omsyn til ved behandlinga av søknaden. Kommunen sin uttale må sendast Fylkesmannen innan 8 veker. Vi ber om at saksdokumenta og eit eksemplar av kunngjeringa blir lagt ut til offentleg ettersyn i kommunen.

Fylkesmannen i Rogaland har motteke søknad frå IVAR IKS (IVAR) om løyve etter forureiningslova og forureiningsforskrifta om auke av utslepp frå 10 000 pe til 30 000 pe for IVAR renseanlegg Nærbø (Nærbø), gnr 10 bnr 9 i Hå kommune. Vi viser til søknad av 29.10.2015.

Kort om verksemda:

Type verksemd:	Mottak og reinsing av kommunalt avlaupsvatn frå Nærbø i Hå kommune.
Plassering:	Gnr 10, bnr 9 i Hå kommune.
Utsleppspunkt:	Reinsa vatn blir leia til Revtingen ved Obrestad i Hå kommune, ca 40 m frå land på ca 6 m djup.
Forureiningsproduksjon:	Det er søkt om utslepp av kommunalt avlaupsvatn tilsvarende 30 000 pe.
Planlagt reinsetiltak:	Det vert søkt om unntak frå sekundærreinskravet jf. § 14-2 b) i forureiningsforskrifta.
Resipient:	Nordsjøen

IVAR søker om utvida utsleppsrame for reinseanlegget på Nærbø i Hå kommune. Gjeldande løyve er frå 18.12.1976 og viser ikkje den reelle situasjonen for anlegget i dag.

I følge forureiningsforskrifta kapittel 14 skal anlegg med utslepp > 10 000 pe med utslepp til sjø gjennomgå sekundærreinsing, men Fylkesmannen kan fastsetje mindre omfattande reinsing (primærreinsing), jf. § 14-8. Anlegget klarerer ikkje primærreinskrava i dag og IVAR planlegg å oppgradere anlegget.

IVAR søker om unntak frå sekundærreinskravet, jf. § 14-8 i forureiningsforskrifta.

Endelige krav til reinsing vil bli gitt i endra løyve etter forureiningslova.

Gebyr for saksbehandlinga blir fastsett i samsvar med reglane i forureiningsforskrifta kapittel 36.

Offentlig kunngjøring:

Fylkesmannen syt for kunngjering av søknaden i Stavanger Aftenblad og Jærbladet. Kunngjeringskostnadane skal dekkjast av søker. Kunngjeringsstekst følger ved.

Utlegging til offentlig ettersyn:

Søknaden blir lagt ut til offentlig ettersyn i Hå kommune, Rådhusgata 8, 4368 Varhaug og på Fylkesmannen i Rogaland sin heimeside, www.fylkesmannen.no/rogaland under "Høyringar". Merknader frå interesserte skal sendast Fylkesmannen innan 4 veker frå utleggingstidspunktet.

Merknader – kommunal sluttbehandling:

Frist for kommunale og fylkeskommunale merknader blir sett til 8 veker frå kunngjeringsdato. Innan same tidsrom ber vi kommunen å henta inn nødvendige merknadar frå eigne avdelingar og politiske utval så langt kommunen finner dette nødvendig.

Kommunen sine merknader bør gi opplysningar om lokale forhold som kommunen meiner manglar eller er utilstrekkeleg beskrive i søknaden, og som det bør tas omsyn til ved avgjerda.

Resultatet frå den kommunale sluttbehandlinga blir deretter sendt til Fylkesmannen.

Fylkesmannen kan ikkje sluttbehandle søknaden før vi har motteke uttale frå kommunen

Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen
ass. fylkesmiljøvernssjef

Mariann Størksen
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Mariann Størksen
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 06
E-post: fmrosto@fylkesmannen.no

Vedlegg:

1. Søknadsdokumenta
 - a. Søknad av 29.10.2015 m/vedlegg
 - b. Resipientundersøkelse Stavangerhalvøya – IRIS- 2012/204
 - c. Kunngjeringstekst
2. Kopi av Fylkesmannens brev av 17.12.2015 til Rogaland Fylkeskommune

Kopi utan vedlegg til:

IVAR IKS	Postboks 8134	4069	Stavanger
Sigve Olseth	Njærheimvegen 160	4365	NÆRBØ
Statens Vegvesen Region Vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER
Fiskarlaget Vest	Slottsgt. 3	5003	BERGEN
Kystverket Vest	pb. 1502	6025	Ålesund
Svein Jarle Njærheim	Håvegen 315	4365	NÆRBØ
Sigmund Østhus Aanestad	Håvegen 240	4365	NÆRBØ
Naturvernforbundet i Rogaland	Postboks 130	4001	STAVANGER
Jæren friluftsråd	Nikkelveien 4	4313	Sandnes
Ola Njærheim	Njærheimvegen 143	4365	NÆRBØ